



frå **elev** til **lær**ling

Informasjon, tips og råd til deg som skal søke læreplass



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SØKNADEN

- Må vere ryddig
- Søknad/CV bør ikkje ha skrivefeil
- Spør norsklærer om hjelp
- Husk å skrive under
- Les gjennom søknaden før du sender den
- Du finn eksempel på søknad og CV på nav.no

For å gje søknaden eit personleg inntrykk kan du skrive litt om kven du er, til dømes om du er entusiastisk, likar å samarbeide, er strukturert og anna.

Slik søker du læreplass

- Skal du søke læreplass må du registrere søknaden din på vigo.no
- I tillegg må du sende søknad til bedrifter
- Alle bedrifter legg stor vekt på at du er motivert og interessert. Kontakt bedrifter og opplæringskontor på telefon og send skriftleg søknad med CV. Møt gjerne opp sjølv og lever søknad.
- Kontakt bedrifter tidleg, det aukar sjansen for å få læreplass

Tips!

Faget yrkesfagleg fordjupning, med utplassering i bedrift, er den beste måten bedrifta kan bli kjent med deg på. I bedrifter du har hatt yrkesfagleg fordjupning, enten i Vg1 eller Vg2, er ofte den beste staden du kan "selje" deg inn som lærling.

Tips!

Dersom du kontaktar ei bedrift som ikkje er godkjent som lærebedrift, be dei kontakte seksjon opplæring i bedrift (tlf: 71 28 00 00) for informasjon om korleis dei kan bli godkjent som lærebedrift.

Vær **aktiv!**

Som lærling blir du tilsett i ei lærebedrift. Bedriftene vel sjølv om dei skal ta inn ein lærling og kven dei vil tilby lærekontrakt. Ein lære plass blir ikkje tildelt på same måte som ein skoleplass. Det kan vere heilt avgjerande at du sjølv gjer ein innsats for å skaffe deg lære plass.

Fylkeskommunen leverer informasjon om dei som søker til lærebedrifter som ønsker lærlingar. Bedrifta mottok opplysningar om søkaren sitt namn, adresse, fødselsdato, telefonnummer, e-postadresse, manglande frammøte og emnet som er valt i yrkesfagleg fordjupning på Vg2. Bedrifta vel deretter kven dei vil ta inn til intervju, og kven dei vil tilsette som lærling.

KOR FINN DU LÆREPLASSANE?

- vilbli.no
- mrfylke.no
- utdanning.no
- Aviser og tidsskrifter
- nav.no
- Bedriftene sine heimesider
- Opplæringskontor og opplæringsringar
- Snakk med dei du kjenner (nettverk)
- [Facebooksida](#) "Lærling Møre og Romsdal"
- Om favorittbedrifta di ikkje har lyst ut ledig lære plass, ta kontakt og overbevis om at dei treng akkurat deg

OPPLÆRINGSRETTE

Opplæringsretten gir deg rett til å fullføre vidaregåande utdanning, men ikkje nødvendigvis som lærling i bedrift. Om du ikkje klarer å skaffe deg lære plass, kan du få tilbod om fagopplæring (alternativt Vg3) i skole. I enkelte tilfelle kan dette tilbodet vere ved skolar i andre fylke.



SOMMARFERIE

Mange bedrifter avgjer inntak av lærling i juni og august. Det er derfor svært viktig at du er tilgjengeleg for å styrke moglegheiten for å få læreplass. Sjølv om du tar sommarferie, er det viktig å huske at bedrifta må kunne nå deg på telefon.

E-POSTADRESSER/ MOBILSVAR

Det er særst viktig at du framstår seriøs når du søker jobb. E-postadresse og mobilsvarbeskjed må vere slik at arbeidsgivar ikkje tviler på at du er den rette.

Viktig informasjon

TILBOD OM LÆREPASS

Får du tilbud om læreplass blir opplæringsretten din innfridd, sjølv om du takkar nei til plassen eller intervju. Du kan likevel skaffe deg læreplass på eiga hand, men du vil ikkje lenger ha krav på skoleplass eller hjelp frå fylkeskommunen.

INFORMASJON

Du får informasjon frå fylkeskommunen både på e-post og SMS. Les informasjonen du får nøye! Ver nøye med å registrere riktig adresse, e-post og telefonnummer på vigo.no.

KVA SKJER NÅR

- 1. mars: Søknadsfrist for vidaregåande opplæring gjennom vigo.no. Innlogging skjer via MinID
- Medio mars: Fylkeskommunen sender opplysningar om søkarar til godkjente lærebedrifter.
- Medio april: På vigo.no vil du finne oversikt over kva for bedrifter som har fått søknaden din.
- Juni: Melding frå fylkeskommunen med link til svarskjema som du må svare på.
- August: Melding til søkarar som fortsatt står utan læreplass.



Søknad og intervju

SØKNAD

- Skriv kvifor du har valt faget ditt og kvifor du ønsker læreplass i akkurat den bedrifta. Om du har høgt frávær, forklar årsaken.
- Legg ved CV som beskriv bakgrunn, skole og arbeid, hobbyar og interesser. Fortel kva du har gjort i faget yrkesfagleg fordjupning. Gode attestar frå utplasseringsbedrift eller anna arbeid er verdifulle vedlegg.

INTERVJU

Blir du innkalla til intervju, betyr det at bedrifta er interessert i deg. Vis kvifor dei skal velje akkurat deg.

Høgt frávær?

Mange bedrifter vil oppfatte frávær på meir enn 10 dagar og/eller 20 timar som høgt. Dersom du kan dokumentere fráværet, send dette til lærebedrifta som har mottatt informasjon om deg. Ta med same dokumentasjon på intervju.

Tips!

FØREBU DEG GODT

- Øv på å fortelje litt om deg sjølv, interesser og ekstrajobbar du har hatt
- Les på heimesida til bedrifta og lag nokre spørsmål du kan stille (dette viser eige initiativ)
- Husk å ta med kopiar av karakterutskrifter og attestar, og ta med noko å notere på
- Kle deg ordentleg
- Finn lure tips på internett

FØR INTERVJUET

- Sørg for at du møter presis til intervjuet. (Gi beskjed dersom du blir forsinka eller ikkje kan møte)
- Husk å slå av mobiltelefonen

UNDER INTERVJUET

- Fortel kvifor du har valt ditt lærefag og kvifor du ønsker læreplass i denne bedrifta
- Vær aktiv og vis at du er interessert



På førehand må du tenke over

FRÅVÆR

- Vil bedrifta rekne fråværet ditt frå skolen som høgt?
- Kva er årsaken til fråværet?
- Har du referansar som kan bekrefte at du er påliteleg (sommarjobb, helgejobb, tillitsvern o.a.)?

KARAKTERAR

- Har du bestått i alle fag?
Om ikkje, kva plan har du for å ta opp at faga?

VAL AV YRKE OG UTDANNING:

Kva er bra ved yrket? Kvifor er du rett person til yrket?

VAL AV LÆREFAG:

Er det aktuelt å søke berre eit lærefag eller fleire?

PRIORITERING AV LÆREFAGA:

- 1.
- 2.
- 3.



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Møre og Romsdal fylkekommune

Postboks 2500, 6404 Molde

Tlf: 71 28 00 00

mrfylke.no

e-post: formidling@mrfylke.no

Besøksadresse :

Julsundveien 9, Molde

Oversikt over lærebedrifter finn du på våre heimesider

vilbli.no

utdanning.no

Fleire gode tips:

nav.no

ung.no

[Facebooksida Lærings Møre og Romsdal](#)

Lærer/rådgivar på skulen